

ANNONSE

Kunngjeringar*Planforslag til høyring og offentleg ettersyn***Kommuneplanen sin arealdel**

Luster formannskap vedtok å legge planforslag for arealdelen ut til høyring og offentleg ettersyn den 12.06.2024 - f-sak 112/24.

[Les meir her >](#)

LÆRDAL BORGUND NÆRINGSILV BUTIKK

**Kunngjeringar***Planforslag til høyring og offentleg ettersyn***Kommuneplanen sin arealdel**

Luster formannskap vedtok å legge planforslag for arealdelen ut til høyring og offentleg ettersyn den 12.06.2024

[Les meir her >](#)

Har gjort store investeringar: – Det er avgjerande for om me kan halda fram med å driva eller ikkje



Ordførar Audun Mo og eigar og dagleg leiar av Borgundsbui, Arnhild Marie Kvamme. Foto: Ole Ramshus Sælthun, Lærdal kommune

Av [Sigrid Nese Thue](#)

Publisert: 31.07.24 05:00

[Del](#)

Den sjølvbetente butikken på Borgund er no offisielt opna.

For abonnentar

– Det kjennest bra. Dette er spennande og me gler oss til å sjå.

Det seier Arnhild Marie Kvamme, eigar og dagleg leiar av Borgundsbui.

– *Kor viktig er dette for framtida til butikken?*

– Det er veldig viktig. Det er det som er avgjerande for om me kan halda fram med å driva eller ikkje vil eg tru. Det er desse opningstidene det har vore prata om heile tida når me har spurd bygdefolket kva dei ønskjer og kva som manglar.

I fjor sommar fekk nærbutikken eit etterlengta system for pakkerutlevering opp og gå. No kan også kundane handla når det måtte passa dei, mellom klokka 6.00 og 23.00. Dermed blir dette butikken i Lærdal med lengst opningstid.



[LES OGSÅ](#)

No kan borgyndene henta pakkene sine hjå Arnhild: – Plutseleg byrja ballen å rulla

– Blir dyrare enn tenkt

Men sjølvbeteningsprosjektet kostar.

– Me fekk støtte frå Merkur på 600.000, så søkte med kommunane 300.000. Har også gått inn med ein god del midlar sjølv og det ser ut til at det kan bli litt dyrare enn tenkt, så det er mogleg me må søkja etter litt meir. Så me håpar det kan bli ei ordning på det, seier Kvamme.

ANNONSE

– Eg håpar bygdefolket og alle andre brukar tilbodet. Så er me takknemlege for støtta me har fått.



[LES OGSÅ](#)

Handelslekkasje og prispress trugar nærbutikk. Dette kan bli løysinga

Hjelpa er ikkje langt unna

Butikken skal framleis ha betening på dagtid, men vil ein handla utanom denne tida kan ein låsa seg inn ved hjelp av bankkortet sitt og handla på vanleg måte. Og treng nokon hjelp, er den ikkje langt unna.

– Eg får varsel når det er kundar i butikken og kan bli ringt opp om nokon treng hjelp. Me har hatt ope for å testa og sjå og det fungerer bra. Me har bra oversikt og ser alt som skjer inne i butikken, fortel Kvamme.



F.v: Medarbeidar Wenche Gram, Arnhild Marie Kvamme og Grete Kleppe, mor til Arnhild og mangeåring innnehavar av Borgundsbui. Foto: Ole Ramshus Sælthun, Lærdal kommune

- Skular og nærbutikkar er det viktigaste

- Det er flott at eigarane tek initiativ til å tilpassa seg den marknaden som er. For me veit jo at det i Bygde-Noreg så er skular og nærbutikkar det som er det viktigaste, sa ordførar Audun Mo under opningstalen.
- Så er det slik at dei aldri vil kunna konkurrera mot Rema 1000 og Kiwi, det vil vera dyrare å handla her. Dei aller fleste av oss har råd til å betala litt ekstra, og skal me ha det tilbodet så er det viktig at me nyttar det. Og det er klart at dei vil ikkje driva dugnadsbasert for at me skal ha ein butikk. Difor er det viktig at det skal vera att litt for det arbeidet dei gjer.

ANNONSE

Gode støtteordningar har gjort sjølvbetentprosjektet mogleg, men ordføraren trakk også fram innsatsen som er lagt ned for å få dette til.

- Det er ein stor eigeninnsats og sjølv sagt også ein risiko å investera i ein del av landsbygda som ikkje kan gje den største omsetnaden. Dei som bur i denne delen er ikkje fleire enn dei me er og då er det viktig at me nyttar det. Men det som kanskje er det aller beste her er å få turistane til å stoppa.

Det skal kommunen prøva å hjelpe til med, Iova Mo.

- Me skal prøva å hjelpe litt med skilting. Det er ein krevjande prosess. Men det er klart at skiltinga frå hovudvegen og hit kunne ha vore mykje betre.

Det må me prøva å leggja til rette for at dette kan bli det nye Tyin-krysset, slik at folk kjem hit for å handla.



Ordførar Audun Mo stod for opninga. – Me ønskjer lukke til og håpar dette går bra. Alle andre stader i landet har det gått fint, då skjørar eg ikkje kvifor ikkje det skal gå bra her. Foto: Ole Ramshus Sælthun, Lærdal kommune



[LES OGSÅ](#)

På randa til konkurs, blir sjølvbetent i løpet av året



[LES OGSÅ](#)

Denne butikken har hatt stor auke i omsetnaden: – Fantastisk



[LES OGSÅ](#)

Satsar millionar på fornying: – Det me må gjera for å overleva



[LES OGSÅ](#)

No kan du handla her utanom opningstida: – Først ute i Sogn

Les meir om: [Lærdal](#) [Borgund](#) [Næringsliv](#) [Butikk](#)



Følg side

Del